

**Arkiv:** FE-00  
**JournalpostID:** 19/350  
**Saksbehandlar:** Ørjan Raknes  
Forthun  
**Dato:** 30.09.2019

## Saksframlegg

| Saknr. | Utvalg                                 | Møtedato   |
|--------|--|------------|
| 031/19 | Fellesnemnda Alver partsamansett utval | 03.10.2019 |
| 046/19 | Fellesnemnda Alver                     | 07.10.2019 |

### Strategi- og styringsdokument samfunnsutvikling

#### Vedlegg i saken:

|            |  |         |
|------------|--|---------|
| 30.09.2019 | Strategi- og styringsdokument_07.10.19 | 1325837 |
| 30.09.2019 | Intensjonsavtale Alver kommune         | 1325832 |
| 30.09.2019 | Kommuneplanen sin samfunnsdel Lindås   | 1325833 |
| 30.09.2019 | kommuneplanen sin samfunnsdel Radøy    | 1325835 |
| 30.09.2019 | kommuneplanen sin samfunnsdel Meland   | 1325834 |

#### Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Strategi- og styringsdokumentet for samfunnsutvikling blir vedtatt slik det blir lagt fram i saka.

#### Saksutgreiing:

Saka skal til uttale i PSU  
Saka skal avgjerast i fellesnemnda

#### Bakgrunn:

Det er intensjonsavtalen for Alver kommune, underskrive i 2016, som legg grunnlaget for utviklinga av den nye kommunen. Intensjonsavtalen beskriv visjonar, mål og strategiar for korleis Alver kommune skal utvikle seg som samfunn og organisasjon. I intensjonsavtalen står det også at gjeldande planar vert vidareført inntil den nye kommunen vedtar nye.

For Alver kommune vil det ta tid før dei overordna planane er på plass, mellom anna kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Sjølv om intensjonsavtalen legg gode føringar for korleis vi skal bygge den nye kommunen, ser programansvarlig behov for å ha eit meir utfyllande styringsdokument som kan gje ei tydelig retning på samfunnsutviklinga - fram til Alver kommune har vedtatt ein kommuneplan. Programansvarlig forslår derfor å utarbeide eit strategi- og styringsdokumentet som skal følgje opp både intensjonsavtalen og hovudtrekka i dei eksisterande kommuneplanar for Meland, Radøy og Lindås.

Strategi- og styringsdokument for samfunnsutvikling inneheld visjonar og mål som ligg i intensjonsavtalen, i tillegg er det henta ut mål og strategiar som er samanfallande i dagens tre kommuneplanar. Dokumentet legg særleg vekt på å følgje opp vedtatt politikk og planar innafør samfunnsutvikling, og det gjeld områda plan, næringsutvikling, kultur, lokalsamfunnsutvikling, nærmiljø, samferdsel, klima, miljø, infrastruktur og beredskap. Dokumentet er overordna med

visjonar, mål og strategiar. Konkrete tiltak må vurderast i prosessen med økonomiplan og i arbeidet med verksemdsplanlegging.

### **Struktur på dokumentet**

For å bygge opp eit overordna strategi- og styringsdokument er det spesielt sett på kva områder som er samanfallande i dagens kommuneplanar. Det er lagt opp til at samfunnsutviklinga skal byggje på fire grunnleggjande «berekjelkar»:

- Vekst og innovasjon
- Berekraft, klima og miljø
- Kultur og frivilligheit
- Folkehelse, tryggleik og deltaking

Vidare legg dokumentet opp til å nytte visjonane som ligg intensjonsavtalen (kap 2). For å sikre ei målretta og heilskapleg utvikling av den nye kommunen, er det lagt opp til å ha ei utvikling gjennom 7 strategiske utviklingsområder.

#### Strategiske utviklingsområder:

1. Utvikling av regionsenter, kommunesenter lokal- og nærsenter
2. Næring, innovasjon og entreprenørskap
3. Lokalsamfunn, nærmiljø, kultur og frivilligheit
4. Berekraft, klima og miljø
5. Medverknad og lokaldemokrati
6. Tenesteutvikling, digitalisering og organisasjon
7. Samfunnstryggleik og beredskap.

Strategi- og styringsdokumentet er vidare bygd opp med hovudmål og konkrete strategiar for kvart av dei strategiske utviklingsområda. Alle mål og strategiar er henta frå intensjonsavtalen og kommuneplanane, og det er i hovudsak nytta same formulering som står i desse styringsdokumenta.

### **Vurdering:**

I intensjonsavtalen står det mellom anna at Alver kommune skal vere ein heilskapleg samfunnsutviklar og byggja fellesskap i ein region med sterk vekst og utvikling. For å få dette til, er det viktig at ein konkretiserer korleis kommunen skal nå visjonane og avklarar korleis organisasjonen skal prioritere i ein periode utan overordna planar. Programansvarlig ser derfor at det er viktig å ha eit godt styringsdokument som viser veg fram til ny kommuneplan er på plass. I tillegg vil dette strategi- og styringsdokumentet vere eit godt grunnlag for arbeidet med den nye kommuneplanen. Strategi- og styringsdokumentet for samfunnsutvikling skal gje retning på utviklinga i alver og vil vere eit godt grunnlag for å prioritere tiltak og prosjekt dei neste åra. Avklaring på prioriterte prosjekt bør skje gjennom økonomiplanprosessen og vere ein del av verksemdsplanlegginga i organisasjonen. Det er eit mål å kunne utarbeide ein tiltaksplan fram til ny kommuneplan er på plass. I denne tiltaksplanen må ein vurdere konkrete prosjekt som er lagt inn i intensjonsavtalen og nye utviklingsprosjekt som kan bidra til å realisere visjonane for den nye kommunen. Strategi- og styringsdokumentet gjeld fram til Alver kommune har vedtatt kommuneplanen sin samfunnsdel.

### **Fellesnemnda Alver 07.10.2019:**

### **Behandling:**

Orientering ved kommunealsjef samfunnsutvikling Hogne Haugsdal.

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FA- 046/19 Vedtak:**

Strategi- og styringsdokumentet for samfunnsutvikling er vedteke slik det ligg føre i saka.